

# Vedtekter for Valdres folkemusikklags ungdomsstipend

Valdres folkemusikklag ynskjer å opprette eit nytt ungdomsstipend. Stipendet skal delast ut til personar mellom 15 og 25 år som er utøvarar i song, dans, langeleik, toradar, munnharpe og andre eldre folkemusikkinstrument, og som syner evne og vilje til å gå inn for folkemusikk eller folkedans frå Valdres.

- Styret i Valdres folkemusikklag er ansvarleg for utdelinga av stipendet
- Styret vel ei nemnd på tre personar frå ulike bygdelag i Valdres. Éin person skal bytast ut årleg. Nemnda skal vurdere og velja mellom aktuelle kandidatar til stipendet og velje ut den som skal få det.
- Styret i Valdres folkemusikklag bestemmer storleiken på stipendet.
- Stipendet skal delast ut på Jørn Hilme-stemnet, og grunngjevinga skal lesast opp under utdelinga.

Vedteke på årsmøtet 23.3.2023